

1. Innleiing/varslingsprosedyre

Ved hendingar der det er aktuelt å aktivera kommunalt kriseteam, skal dette varslast til kommunal kriseleiing eller kommunal legevakt som, om det er aktuelt, aktiverar det kommunale kriseteamet:

- **Telefonnummer legevakt:** 53 41 63 00
- **Kontaktinformasjon kommunal kriseleiing:**

Kommunalsjef Knut J. Gram
Tlf. 975 52 011 / 53 49 66 68
Fax 53 49 66 01
E-post: knut.gram@stord.kommune.no

Dersom du ikkje oppnår kontakt med Kommunalsjef Knut J. Gram, kontakt følgjande:

Rådmann Magnus Mjør
Tlf. 916 44 039 / 53 49 66 39
Fax 53 49 66 01

Kommunalsjef Mariann J. Hilt
Tlf. 414 16 503 / 53 49 66 89
Fax 53 49 66 01

Kommunelege Lars Helge Sørheim
Tlf. 990 95 893 / 53 49 66 30
Fax 53 49 66 01

Brannsjef Børge Presthaug
Tlf. 975 52 050 / 53 49 68 46
Fax 53 41 47 60

2. Definisjonar

2.1 *Krise*

Ei dramatisk og potensielt traumatiserande hending som kan truga eller svekka viktige funksjonar og verdiar hjå enkeltpersonar, familiar eller lokalsamfunn.

2.2 *Ulukker*

Ei uventa og potensielt traumatiserande hending som kan råka liv og helse.

2.3 *Katastrofe*

Ei uventa og potensielt traumatiserande hending der talet på råka personar langt overstig dei tilgjengelege ressursane.

2.4 *Psykososiale tiltak*

Sosiale- og helsemessige tiltak sett inn etter potensielt traumatiserande hendingar for å hjelpa enkeltpersonar eller grupper til å handtera akutte,

Psykososialt kriseteam i Stord kommune

psykologiske stressreaksjonar for å førebyggja framtidige helseproblem. Tiltaka inneber også informasjon, råd og støtte med omsyn til ulike former for praktisk hjelp til dei som er råka.

3. Mål og oppgåver

Kriseteamet si oppgåve er å yta og å samordna psykososial omsorg og støtte ved kriser, ulukker og katastrofar.

Kriseteamet skal medvirka til at einskildpersonar, familiar eller lokalsamfunn får tilbod om forsvarleg psykososial oppfølging og støtte frå det ordinære tenesteapparatet når kritiske hendingar skjer.

Dei psykososiale tiltaka skal samordnast med det eksisterande kommunale tenestetilbod.

Når det er naudsynt, skal det etablerast kontakt og samarbeid med andrelinetenesta og andre aktørar det er naturleg å samarbeida med.

4. Organisering

4.1 Forankring

Kriseteamet er forankra i Stord kommune sin plan for helsemessig og sosial beredskap i Stord kommune.

4.2 Føremål

Kriseteamet er meint å vere eit kontaktledd frå ei krise oppstår til det etablerte behandlings- og omsorgsapparatet i kommunen kan ta over og følgje opp på ein trygg måte.

4.3 Døgnskcontinuerleg oppfølging

I situasjonar der det oppstår trong for døgnskcontinuerleg oppfølging, gjer vakthavande lege dei nødvendige vurderingar med omsyn til å ivareta pasienten.

4.4 Varsling

Leiaren i kriseteamet blir varsla av kommunal kriseleing og/eller legevakt. Leiaren i teamet har koordinerande ansvar for å setje i gang arbeidet i akutte situasjonar. Dersom legevakt/kommunal kriseleing ikkje når leiaren, går ein vidare nedover på medlemslista.

4.5 Samansetjing

Teamet er sett saman slik:

- Leiar
- Om lag 10 medlemer
- Jamn fordeling mellom kvinner og menn
- Personar med kompetanse på barn og unge
- Personar frå psykiatritenesta
- Personar elles med interesse for og kompetanse i arbeid med psykososialt krisearbeid
- Teamet kan kompletterast med psykolog etter avtale med den kommunale bedriftshelsetenesta
- Teamet knyter til seg andre ressursar når det er behov for det

5. Løn

Medlemmene i kriseteamet får ikkje ekstra løn for beredskap i teamet. Dei har såleis heller ikkje forplikta seg til å vere med i ei vaktordning. Utrykking utanom

Psykososialt kriseteam i Stord kommune

arbeidstid skal utbetalast i overtidsgodtgjerdsle og/eller avspaserast på vanleg måte.

6. Rutiner for teamet

- Teamet skal minimum ha eit møte kvart halvår. Møta skal gje fagleg påfyll og skal drøfta hendingar som har vore, forbetringar og planar.
- Teamet sitt arbeid blir dokumentert med
 - Logg (mobilisering, hendinga, teamet sitt arbeid, kontakt med andre etatar/funksjonar/organisasjonar)
 - Personkontakt ark (Namn, telefonnummer, pårørande, registrera kontaktar, avtalar om oppfølging/henvising)
 - Journalnotat (ved tett oppfølging/henvising, førast i etablerte helsetenestejournalar)
- Teamet har kontaktliste over samarbeidande etater, organisasjonar, funksjonar

7. Aktivisering av det psykososiale kriseteamet

Følgjande kan aktivisera det psykososiale kriseteamet og skal ha oppdatert liste over medlemene:

- Kommunal kriseleiing
- Legevakt
- Andre må gå via desse

Vidare gjeld følgjande ved aktivisering:

- Alle medlemer skal varslast
- Når psykososialt kriseteamet blir aktivert, skal medlemmene gje arbeidet i kriseteamet prioritet framom sine vanlege funksjonar i kommunen
- Leiar avgjer om delvis/full mobilisering og delvis/full demobilisering
- Aktivisering ved ein akutt krisesituasjon skjer ved best tilgjengeleg kontaktform t.d. telefon eller SMS

8. Aktuelle saker for Stord kommune sitt psykososiale kriseteam

- Større ulukker med døde og/eller hardt skadde
- Sjølv mord
- Brå dødsfall med stor mediedekning (t.d drap)
- Naturkatastrofar
- Terror eller trugsmål om terror

9. Oppgåver for kriseteamet i akutte situasjonar

- Syta for nødvendig omsorg og psykososial hjelp
- Koordinere tiltak og innsats for desse hjelpetiltaka
- Overføre saker til det ordinære hjelpeapparatet
- Kriseteamet peikar ut ein eller fleire kontaktpersonar frå teamet som får ansvar for å følgje opp det vidare arbeidet på grunnlag av dei behova som kjem fram i kvar sak.
- Kriseteamet brukar si kontaktliste for å kontakta etatar/organisasjonar, helsetenester eller andre når dei ser trong for det

10. Distribusjon av retningslinjene

Retningslinjene og namneliste over medlemmene med kontaktinformasjon, skal vera tilgjengeleg for:

- Kommunal kriseleiing
- Kommunalsjefar

Psykososialt kriseteam i Stord kommune

- Stord/Fitjar legevakt

Retningslinene blir gjort tilgjengelege på Stord kommune si heimeside. Spesielt skal retningsliner vera kjend hjå:

- Politi
- AMK Haugesund
- Legevaktsentral
- Stord sjukehus
- Stord DPS